


*Det norske
Folkesprogs
Grammatik*

Oppvekst og utdanning



☞ Ivar Aasen (1813–1896) var frå Ørsta på Sunnmøre. Han voks opp på eit småbruk og hadde dermed ein heilt annan sosial bakgrunn enn dei fleste andre framstående kulturfolka på 1800-talet.

☞ Som ung gut viser Aasen uvanleg gode evner, og allereie i 18-årsalderen blir han omgangsskolelærer i heimbygda. Seinare får han tilbod om universitetsutdanning, men vel i staden å studere på eiga hand. Aasen opplever det som sårande at samfunnseliten ser ned på bondekulturen og bondespråket. Han vil ikkje gløyme kvar han kjem frå, men heller arbeide for å styrkje den kulturelle og språklege sjølv-tilliten til bondestanden.

☞ Som 22-åring tek han seg post som huslærer og bruker fritida si til sjølvstudium. Han skaffar seg mellom anna kunnskapar i tysk, latin og norrønt på eiga hand. Dessutan interesserer han seg for botanikk. Han er ein systematikar som liker å granske og kategorisere både planter og språk. I dei sju åra han arbeider som huslærer, lagar han mellom anna ei omfattande plantesamling og ein grammatikk over sunnmørsmålet.

Aasen og språkdebatten i 1830-åra

☞ Det offisielle skriftspråket på 1800-talet er framleis dansk, og embetsstanden snakkar eit forfina dansk-norsk. Folk elles snakkar norske dialektar om lag som dei gjer i dag. Avstanden mellom skrift og tale er stor for dei aller fleste.

☞ Språkdebatten i 1830-åra handlar om korleis ein kan skape eit nasjonalt skriftspråk i Noreg. Henrik Wergeland går inn for ei gradvis fornorsking av det danske skriftspråket, mens Johan Sebastian Welhaven meiner at ein førebels må halde fast ved dansk språk og kultur.

☞ Historikaren og språkforskaren Peter Andreas Munch deler Welhavens syn. Skal ein endre skriftspråket, kan det ikkje gjerast stykkevis og delt slik Wergeland

foreslår, meiner han. Heile språksystemet må endrast.

☞ Munch vil dessutan ha eit skriftspråk basert på dei dialektane som best tek vare på det norrøne systemet. Men han tenkjer seg at eit slikt språk skal vere eit vitenskapleg studieobjekt. Han kan ikkje sjå for seg noko reelt alternativ til dansk skriftspråk med det første.


☞ Ivar Aasen engasjerer seg ikkje i den offentlege språkdebatten i 1830-åra, men i den upubliserte artikkelen «Om vort Skriftsprog» (1836) skisserer han sin eigen plan for eit norsk skriftspråk. Han avviser fornorskingstanken til Wergeland og ønskjer seg eit heilt nytt skriftspråk som byggjer på dei norske byggedialektane. Men Aasen vil ikkje skape noko museumsspråk. Han ønskjer seg eit skriftspråk som set heile folket i stand til å ta del i samfunnslivet.

Dialekt- og ordsamlar

☞ I 1841 dreg Aasen til Bergen og kjem i kontakt med biskop Jacob Neumann. Biskopen er særleg interessert i sunnmørsgrammatikken som Aasen har laga, og hjelper han med å få eit stipend frå Videnskabs-Selskabet i Trondheim. Aasen får no i oppdrag å granske det norske folkemålet.

☞ I fire år, frå 1842 til 1846, reiser Aasen rundt om i landet og studerer bygdemåla. Bymåla og dialektane på Sør-Austlandet unngår han fordi han meiner dei er for mykje oppblanda med dansk. Materialet

han får samla inn, utgjer grunnlaget for to vitenskaplege verk, *Det norske Folkesprogs Grammatik* (1848) og *Ordbog over det norske Folkesprog* (1850).



☞ Heilt fram til 1868 er Aasen nesten kvart år på språkreiser, gjerne til stader han ikkje har vore før. Til saman reiser han meir enn 400 mil og er innom alle fylka bortsett frå Finnmark.



Omsetjar og språkkonsulent

☞ I 1847 flytter Aasen til Kristiania, og her blir han resten av livet. Her finst fagmiljøa som han treng i arbeidet sitt.

☞ Aasen er mellom anna språkkonsulent for Asbjørnsen og Moe i seinare utgåver av eventyrsamlinga, og han omset dikt av Shakespeare, Schiller og Byron til landsmål.

☞ Trass i at han har statsstipend og god inntekt, lever han eit enkelt og nøysamt liv. Aasen blir 83 år gammal og arbeider som språkforskar heilt til det siste.

Iver Aasen



Det norske Folkesprogs Grammatik (1848)

i *Det norske Folkesprogs Grammatik* er det første store vitenskapelige verket til Aasen. Med denne boka får han sitt offentlege gjennombrudd som språkforskar. Grammatikken forklarar lydverk, bøyning, ordlagning og syntaks i dei ulike norske dialektane.

To år seinare, i 1850, gir Aasen ut *Ordbog over det norske Folkesprog*. Boka har rundt 25 000 oppslagsord og er den første ordboka over norsk talemål som byggjer på systematisk innsamla materiale.

Ordbøker og grammatikkar er oftast *normative* (føreskrivande), det vil seie at dei fortel kva som er rett stavemåte, bøyning, setningsbyggnad osv. i eit skriftspråk.

Indledning.

1. Det Tungemaal, som dette Skrift er bestemt ti omhandle, bruges med adskillige Forandringer som Talest af den største Deel af det norske Folk. Det adstiller sig i Henseender fra det Skriftsprog, som for nærværend bruges i Norge, og som i alt det Væsentlige er det sam Dansk. Smidelertid har dog Skriftsproget i den sen have lidt Indflydelse paa Folkets Talest, ligesom en del af de gamle Grammatikere ogsaa mere t...

Dei to bøkene til Aasen er derimot først og fremst *deskriptive* (forklarande). Dei fortel kva folk faktisk seier. I ordboka til Aasen blir kvart ord først forklart på dansk. Dersom ordet har ulike former i ulike dialektar, står alle desse formene oppførte etter forklaringa.

For Aasen er grammatikken og ordboka eit steg på vegen mot eit nytt skriftspråk. Med utgangspunkt i dei to bøkene tek han fatt på arbeidet med å skape eit *landsmål* – eit skriftspråk for heile landet som byggjer på dei norske dialektane.

Landsmålet

Etter 1850 konsentrerer Aasen seg om utforminga av landsmålet. Han arbeider mellom anna etter desse prinsippa:

☞ Fellestrekk skal kome fram

Skriftspråket skal synleggjere det felles systemet i dialektane så langt råd er.

☞ Gammalt framfor nytt

Dersom det finst fleire former, vel han den forma som ligg nærast norrønt. Han bruker også den norrøne forma som rettesnor når han skal lage ei skriftform av eit ord der ingen av dialektformene er noko opplagt val.

☞ Norsk framfor utanlandsk

Aasen er purist, det vil seie språkrensar. Han vil ha eit språk med færrest mogleg utanlandske innslag. Mellom anna avviser han dei såkalla *an-be-het-else*-orda. Dette er ord med bestemte for- og endestavingar som vi har lånt frå lågtysk, for eksempel ansette, beskrive, kjærlighet, overraskelse.

☞ Fast norm

Aasen vil ha ei fast norm for landsmålet sitt. Han synest at alle må gi avkall på nokre av dialektformene sine for å få til ei klar skriftspråknorm.

☞ I 1853 lanserer Aasen eit forslag til ny skriftspråknormal i boka *Prøver av Landsmaalet i Norge*. Seinare omarbeider han både grammatikken og ordboka. I *Norsk Grammatik*, som kjem ut i 1864, har han teke med sitt eige utkast til skriftspråknormal og gjer grundig greie for vala sine. Den omarbeidde versjonen er dermed meir normativ enn deskriptiv.

☞ Det vi i dag kjenner som nynorsk, er ei vidareføring av landsmålet til Ivar Aasen. På same måten som bokmål har også nynorsk endra seg ein del på 150 år.

Aasen som diktar

☞ Ivar Aasen er også ein dugande diktar. Med dikta og skodespela sine er han med på å leggje grunnlaget for den nynorske skjønnlitteraturen.

☞ Dei mest kjende dikta hans står i samlinga *Symra* (1863), mellom anna «Gamle Norig». Det er eit hyllingsdikt til fedrelandet, der Aasen skildrar den norske naturen med hav, fjord, fjell, fossar og dalar.



☞ Han framhevar at Noreg er landet som nordmennene har arva etter forfedrane sine, og han heidrar den norske bondestanden. Bøndene er «born av deim som bygde landet», dei er bindeleddet mellom fortid og notid i Noreg.

☞ Alt dette er i utgangspunktet typiske nasjonalromantiske tankar. Men Aasen kjenner til bondelivet han skriv om, han underslår ikkje at det også er strevsamt: Bonden er «van til møda meir enn til kjæla».



☞ «Millom Bakkar og Berg» (også kalla «Nordmanden»), «Dei gamle fjelli» og «Gamle grendi» er tre andre kjende dikt der det same synet på Noreg og det norske kjem til uttrykk. Dikta er enkle og folkelege og ei hylling til det norske bondesamfunnet og norsk natur.

☞ Men Aasen skriv også dikt om heilt andre emne. Diktet «Saknad» handlar om noko heilt personleg, om lengten etter nærleik og menneskeleg fellesskap. Tredje og siste strofe i diktet lyder slik:

Eg veit so vel, det finst ein Barm
Med same Kjensla inne,
Med same Hug og same Harm
Og same Von og Minne.
Og fann eg den, vardt allting rett,
Og livet skulde skrida lett,
Men det er verst aa minnast:
Me skulo aldri finnast.

☞ Vi veit lite om Ivar Aasens privatliv. Han frir og får nei to gonger, og deretter slår han frå seg tanken om giftarmål. Han er ingen einstøying og går gjerne i teater, på konsert, i kneiper og salongar. Likevel kjenner han i periodar eit sterkt sagn etter nokon å dele livet med.



Gamle former i Aasens landsmål

☞ Aasen bruker det norrøne språket som rettesnor når han vel ut ordformene som skal vere ein del av landsmålet. Her følgjer nokre eksempel.

☞ I dikta til Aasen finn vi former som (i) *grendom*, *lidom*, *dalom*, *syningom*, *bygdom*, (aat) *endom*. Dette er gamle fleirtalsformer i dativ, og Aasen bruker dei fordi dei har rot i norrønt. Norrøne substantiv fekk nemleg endinga *-um* i dativ fleirtal.

☞ På Aasens tid er det framleis mange bygdedialektar som har restar av den norrøne kاسوبøyinga. I dag finn vi dativ-former berre i nokre få dialektar, for eksempel i Gudbrandsdalen og på Ytre Sunnmøre.

☞ Substantivet *visa* har fleirtalsforma *visur* eller *visor* i norrønt. Begge formene er i bruk i somme dialektar, og Aasen vel forma *visor*. Her tek han omsyn til svensk, der fleirtalsforma er *visor*. Han vil ikkje gjere landsmålet meir ulikt svensk og dansk enn nødvendig.

☞ Norrøne inkjekjønnsord hadde endinga *-in* i bunden form fleirtal. Orda *landa* og *fjella* heitte derfor *londin* og *fjellin* på norrønt. Men allereie på Aasens tid er den vanlegaste forma i dialektane *landa* og *fjella*. Aasen vel likevel *londi* og *fjelli* fordi *i*-formene ligg nærast norrønt. Desse *i*-formene finst i dag i dialektane i Indre Sogn, vest i Telemark og øvst i Setesdal.



Ordtak etter Aasen

☞ Ivar Aasen er også ein habil ordkunstnar. I 1856 gir han ut *Norske Ordsprog*. Her er nokre kjende ordtak og småvers:

- ☞ Strengje dagar må koma, men etterpå kjem dei milde.
- ☞ Det er seint å stengja buret når fuglen er flogen.
- ☞ Gleda gløymest før du trur, men sorgene sitja lenge.
- ☞ Det usle vetet rekk ikkje langt, ei tru må stydja upp under.
- ☞ Dei vil alltid klaga og kyta, at me ganga so seint og so smått; men eg tenkjer, dei tarv ikkje syta: me skal koma – um ikkje so brådt.
- ☞ Heimen er både vond og god; det skifter med sut og gaman. Hæv er den som med same mod kan taka mot alt i saman.



- ☞ Kjært er livet med all sin harm; det klårnar, alt som det gjenger. Men endå treng eg ei von i barm om eitt som varer lenger.



